



Læringsverkstedet Flatøy barnehage  
Flatøyvegen 72  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/667 - 15/4997

Saksbehandlar:  
Mette Marei Træland  
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:  
11.03.2015

## Vedtak om kommunalt tilskot til drift og kapital i 2015

*«Med bakgrunn i Forskrift om likeverdig behandling i høve til offentlige tilskot til ikkje-kommunale barnehagar har Meland kommune ved barnehagefagleg rådgjevarteneeste, gjort vedtak om tilskot til drift og kapital på kr. 2 200 598,- til Læringsverkstedet Flatøy barnehage for 2015.»*

*Av denne summen utgjer kr.195 510,- kapitaltilskot.*

### Rettsleg grunnlag for vedtaket:

Meland kommune viser til Lov om barnehager, Lov om endringer i barnehageloven (finansiering av ikke-kommunale barnehager) og Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager:

### Bakgrunn for saka:

Frå 2011 vart barnehagesektoren rammefinansiert. Drifts- og kapitaltilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert utbetalt av kommunen. Tilskotet skal utgjøre ein prosentsats av det som tilsvarende kommunale barnehagar i gjennomsnitt mottar i offentleg finansiering.

Ved utrekninga av tilskotet har kommunen lagt til grunn Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskot til ikkje-kommunale barnehagar, og Rundskriv Udir-7-2014.

### Grunngjeving for vedtaket:

Grunnlaget for vedtaket som ligg føre i høve til drift og kapitaltilskot til ordinære ikkje-kommunale barnehagar er det kommunale rekneskapet for 2013.

Berekning av drifts og kapitaltilskotet er gjort slik:

1) Tilskot pr omrekna heildagsplass.

Små born (0-2 år)	Kr 156 844
Store barn (3-5 år)	Kr 73 663
Kapitaltilskot:	Kr 9 500

2) Omrekna heildagsplassar i barnehagen som ligg til grunn for utrekning av tilskotet:

	frå årsmeldinga 15. des. 2014
Små born (0-2 år)	6,0
Store barn (3-5 år)	15,0
Sum	21,0

3) Gjennomsnittlig minimumstilskot for året totalt er 98 %.  
Læringsverkstedet Flatøy barnehage får utbetalt 98% tilskot.

4) Tilskot for 2015 vert basert på nøkkeltala over.

Dette er et enkeltvedtak etter Forvaltningslova og kan påklagast. Ein har rett til å klage på vedtak etter §28 i Forvaltningslova. Klagefrist er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Klagen vert sendt til Meland kommune, barnehagefagleg rådgjevar [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no), eller pr. post til: Barnehagefagleg rådgjevar i Meland kommune, postmottak boks 79, 5906 Frekhaug. Årsaka til klagen må grunngjevast.

Dersom Meland kommune som underinstans opprettheld sitt vedtak vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland som er klageinstans, for endeleg avgjerd.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit  
rådmann

Mette Marei Træland  
barnehagefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Læringsverkstedet Flatøy barnehage Flatøyvegen 72 5918

FREKHAUG